

# **REGLEMENT FOR PLANNEMNDA FOR SAMFERDSELSUTBYGGING**

Vedteke av fylkestinget i sak T-00/11 og T-30/15.

## **I**

### **VAL OG SAMANSETJING**

- § 1. Plannemnda er oppretta med heimel i vedtak i sak 11/11 A i Møre og Romsdal fylkesting den 24. januar 2011.
- § 2. Plannemnda skal ha 3 medlemmer, derav leiar i samferdselsutvalet og leiar i fylket sitt trafikktryggleiksutval (FTU). Den siste skal veljast fritt blant medlemene i fylkestinget. Kvar medlem skal ha 3 personlege varamedlemmer i rekkefølge.

Leiar av samferdselsutvalet skal også leie møta i plannemnda for samferdselsutbygging. Leiar for FTU er nestleiar.

## **II**

### **ARBEIDSSOMRÅDE / MANDAT**

- § 3. Plannemnda skal vere eit rådgjevande utval og skal bistå samferdselsutvalet i oppfølging av plan- og prosjektarbeid.
- § 4. Plannemnda skal delta i planlegging og oppfølging av særleg dei store fylkesvegprosjekta. For kvart prosjekt gjeld dette t.d. kommunedelplan, reguleringsplan, vegstandard, trasear, finansiering og framdriftsplan. Nemnda skal haldast orientert om framdrifta av prosjekta m.a. gjennom dei periodiske rapportane frå Statens vegvesen, og skal kome med råd om tiltak i samband med ev budsjettavvik. Plannemnda skal ta del i planlegging og gjennomføring av dei regionale kontaktmøta og den årlege samferdselskonferansen.

## **III**

### **MØTE OG SEKRETARIAT**

- § 5. Plannemnda blir innkalla til møte etter behov, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemmer og varamedlemmer.
- Nemnda skal innkallast når leiaren eller to av medlemene krev det.
- § 6. Nemnda er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- § 7. Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast til fylkesordførar og medlemmer av samferdselsutvalet.
- § 8. Sekretariatsfunksjonen skal liggje til fylkesrådmannen ved samferdselsavdelinga.

Molde, 10.03.11  
(opprettat etter behandling T-20/11)